

BOKN KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Onsdag **18. september 2019** blei det halde møte i Bokn kontrollutval under leiing av leiar Lars Øyvind Alvestad.

MØTESTAD:	Boknatun, møterom 1. etasje
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 17.00 – kl. 18.20
MØTANDE MEDLEMMER:	Lars Øyvind Alvestad (Ap) og Dagny Grønnestad (Sp)
FORFALL:	Jørn Hansen (Uavh.)
MØTANDE VARAMEDLEM:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN:	Ingen frå Deloitte AS etter avtale
ANDRE SOM MØTTE	Ingen
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Rådmann Jan Erik Nygaard
MERKNADER TIL INNKALLING:	Dokumenta kunne ikkje hentast i Dropbox
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Ingen

Utvalsleiar ønskte Dagny Grønnestad velkommen til hennar fyrste møte i kontrollutvalet etter at ho blei valt inn av kommunestyret i mai.

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 12/19 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 22.05.19

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møtet i Bokn kontrollutval 22.05.19 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 18.09.19:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 18.09.19:

Protokoll frå møtet i Bokn kontrollutval 22.05.19 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 13/19 OPPFØLGING AV SELSKAPSKONTROLL – KARMSUND HAVN IKS

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kommunestyre tar tilbakemeldinga om oppfølging av revisjonsrapporten «Selskapskontroll - Karmsund Havn IKS» til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 18.09.19:

Sekretær innleia. Rådmannen meinte administrasjon og politisk leiing var godt orientert om stoda til kommunale selskap gjennom representantskapsmøte og eigarstrategimøte. Han meinte det ikkje hadde vore behov i Bokn for å ha eit eige dokument som omhandla kommunale selskap, då kommunen har pr. i dag inga eigne selskap eller føretak og er berre medeigar i nokre få selskap med liten eigardel. Rådmannen vil likevel innrette seg etter nytt lovkrav å få laga eigarskapsmelding, etter mal frå ein nabokommune, i løpet av neste periode.

Salet av aksjane i Haugaland Kraft AS var no gjennomført og ca. 80 mill. kr var no motteken og sett på øyremerka fond til bygging av ny skule.

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 18.09.19 og innstilling til kommunestyret:

Bokn kommunestyre tar tilbakemeldinga om oppfølging av revisjonsrapporten «Selskapskontroll - Karmsund Havn IKS» til orientering.

SAK 14/19 REVISOR SIN EIGENERKLÆRING FOR 2019

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval tar den framlagde eigenerklæring for 2019 frå oppdragsansvarleg revisor Else Holst-Larsen, Deloitte AS til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 18.09.19:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 18.09.19:

Bokn kontrollutval tar den framlagde eigenerklæring for 2019 frå oppdragsansvarleg revisor Else Holst-Larsen, Deloitte AS til orientering.

SAK 15/19 BUDSJETT FOR 2020 – KONTROLLARBEIDET I KOMMUNEN - KONTROLLUTVALET SITT FRAMLEGG

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval gjer framlegg om budsjett for kontrollarbeidet i Bokn kommune med ein totalramme på **kr 455 000,- eks mva** for 2020 fordelt med følgjande:

Kontrollutvalet	kr	67.000
Kjøp av sekretærtjenester (HKS IKS)	kr	119.000
Kjøp av revisjonstenester (Deloitte AS)	kr	269.000

Handsaming i kontrollutvalet 18.09.19:

Utvalssekretær gjorde greie for oppsettet. Det ble igjen reagert på den låge satsen på godtgjøring (kr 400 pr. møte) til medlemma. Nytt utval vil auke frå 3 til 5 medlemmer som følgje av lovendring. Fjorårets auke i revisjonstimar blei vidareført som eit minimum.

Utvalet slutta seg til framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 18.09.19 og innstilling til kommunestyret:

Bokn kontrollutval gjer framlegg om budsjett for kontrollarbeidet i Bokn kommune med ein totalramme på kr 455 000,- eks mva for 2020 fordelt med følgjande:

<i>Kontrollutvalet</i>	<i>kr</i>	<i>67.000</i>
<i>Kjøp av sekretærtenester (HKS IKS)</i>	<i>kr</i>	<i>119.000</i>
<i>Kjøp av revisjonstenester (Deloitte AS)</i>	<i>kr</i>	<i>269.000</i>

SAK 16/19 EVALUERING AV KONTROLLARBEIDET I PERIODEN 2016-2019

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval godkjenner innspela som har blitt sendt inn om evaluering av kontrollarbeidet i perioden 2015-2019.

Utvalsleiar får fullmakt til å godkjenne den endelege oppsummeringa, som så vert lagt fram for kontrollutvalet som referatsak i neste møte.

Handsaming i kontrollutvalet 18.09.19:

Utvalssekretær gjekk igjennom vedlegg. Utvalet hadde ingen fleire merknader enn dei som var tatt inn i skjema.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 18.09.19:

Bokn kontrollutval godkjenner innspela som har blitt sendt inn om evaluering av kontrollarbeidet i perioden 2015-2019.

Oppsummeringa vert lagt fram for kontrollutvalet som referatsak i neste møte.

SAK 17/19 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 18.09.19

26. Statusrapport pr. september 2019
27. Kommunestyrevedtak 18.06.19, sak 29/19 – Revisjonsavtalen – bruk av opsjon
28. Komm.styrevedtak 18.06.19, sak 30/19 – Forvaltningsrevisjon «Rusomsorg og psykiatri»
29. Komm.styrevedtak 18.06.19, sak 31/19 – Oppfølging av «Plan, byggesak og eigedom»
30. Fylkesmannen sin rapport frå tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap 2018
31. Protokoll frå representantskapsmøte 28.06.19 – Haugaland Brann og redning IKS
32. Innkalling til møte i havneråd/repr.skap 05.09.19 – Karmsund Havn IKS
33. Valg av kontrollutvalg for perioden 2019-2023 – brev fra FKT 01.07.19
34. NKRF – «Rettsikkerhet – en del av felleskapets verdier»

Handsaming i kontrollutvalet 18.09.19:

Sekretær og rådmann gjorde greie for referatsakene.

Tenestavtalen om tekniske tenester med Karmøy blei utsett i sist formannskapsmøte og vil bli lagt fram for nytt formannskap. Ny heilhetleg ROS-analyse og oppdatert beredskapsplan er no utarbeida. Manglande beredskapskoordinator dei siste åra er no på plass gjennom at Karmøy varetar oppgåva tilsv. 30 % stilling. Dei to avvika frå FM vil då truleg vere retta.

Rådmannen orienterte også om stoda rundt det brotne brannsamarbeidet og endringane av planane knytte til utfylling av kaiområde no i Føresvik, med fyllmasse frå ROGFAST.

Sekretær opplyste at sekretariatet hadde sendt ønskje til ordfører om numerisk varamedlemsliste ved val av nytt kontrollutval. Rådmannen vil sørge for at også kontrollutvalet blei invitert med på kommunen si folkevaltopplæring. Sekretariatet vil ha opplæringskveld i Tysvær rådhus 12. november for alle kontrollutvala på Haugalandet.

Utvalet hadde elles ingen særskilte merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 18.09.19:

Referatsakene 26 - 34 blir tatt til orientering.

Eventuelt

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Leiar og sekretær takka kvarandre for godt samarbeid i løpet av desse 4 åra.

Neste møte

Etter møteplan er dato sett til onsdag **20. november** (nytt utval).

Bokn, 18. september 2019

Lars Øyvind Alvestad
leiar (sign.)

Toril Hallsjø
utvalssekretær (sign.)